



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ottar Haugen, 55 57 21 80

Vår dato
20.05.2014
Dykkar dato
14.05.2014

Vår referanse
2014/6177 421.53
Dykkar referanse

Ole Johan Ingebrigtsen
Sæbøvegen 30
5938 SÆBØVÅGEN

Svar på søknad om tilskot - Radøy - Landbruksveg - Sæbøvegen - Ole Johan Ingebrigtsen

Viser til Dykkar søknad om tilskot til Sæbøvegen skogsveg vegklasse 4 datert 14.05.2014

Vedtak: Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om inntil Kr 1.369.650,- til Sæbøvegen skogsveg. Tilskotet vert gjeve med inntil 60 % av godkjente kostnader.

Løyving: 60 % av Kr 2.282.750,- = Kr 1.369.650,-
Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 20.05.2017

- Veglagsformannen er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapssamandrag. Noko av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet skrid fram
- Siste utbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på føreskriven vis
- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter den vegplan som kommunen har godkjent og etter dei krav som er sett til den vegklasse det er gjeve løyve/tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standar den opphavleg vart bygd i.
- Elles vert det vist til: "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket" §5 "Tilskudd til veibygging".
- Vidare vert det vist til: «Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland» fastsett av fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga gjeldane frå 1. februar 2014.

Vilkår: Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.

Dette vedtaket kan påklagast, sjå forvaltningslova § 27 tredje ledd. Eventuell klage vert å senda FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Åse M. Vaag
Ass. Landbruksdirektør

Ottar Haugen
Senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy Radøyvegen 1690 5936 MANGER